



Geitadalstind

Kvinnerad Turlag arrangerer to turar til fjelltoppar i samarbeid med Festidalen i samband med festivalhelga. Utsikten frå toppane vil gje deltakarane, enten dei er fastbuande eller tilreisande, ein ekstra dimensjon på opplevingane dei får i Uskedalen denne helga. Utsikten frå dei to toppane er kort sagt fantastisk!

6.august går turen til Geitadalstind, 1213 meter over havet. Turen startar i Uskedalen. Geitadalstinden er ein alpin fjelltopp, og denne ruta kan verka litt utfordrande for dei som ikkje likar høgder. Siste del av oppstiginga er bratt og luftig, gjerne kalla Mini-Bessekken. Her går det ei alternativ rute til høgde som er meir skjerna.

Frå toppen av Geitadalstind er det storslegen utsikt i alle retningar. Ein kan nyta landskapet frå isbre til ope hav. Nordover kan ein sjå bergensfjella, som t.d. Ulriken. Vågar ein seg ut på kanten, kan synet nesten ta pusten frå ein. Ei flott oppleving, om ein er på festival eller ikkje.

Søndag 7.august blir det tur til Skorpefjellet. Frå Uskedalen går turen med båt over til Skorpo. Turen går gjennom

frodig natur, forbi "Tunet i det blå" til toppen av Skorpefjellet på 234 m.o.h. Frå toppen har ein flott utsikt over festivalbygda Uskedalen, og toppen er også kjend for å ha utsikt til heile sju kyrkjesokn. Det er mest ufatteleg at ein kan oppleve slik utsikt når ein berre er vel 200 meter over havoverflata!

Elles er det tett mellom dei gode turtilboda frå Kvinnherad turlag i august månad. Seniorgruppa skal både til Børsdalshytta i Børsdalen og Blådalshytta i tillegg til overnattingstur i Breheimen. Det vert padletur på Nærøyfjorden. Dessutan vert det tur frå Gjetingsdalen over til Torsnes i Jondal, og det vert overnattingstur på Eikemo-stølen. God og oversiktleg informasjon finn ein på [Kvinnherad turlag si heimeside](#). Gjennom den kan også påmelding gjerast.

Tekst: Kvinnherad turlag og Thor Inge Døssland

Foto: Elisabeth Røssland

Nett: Thor Inge Døssland